

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 19/1350-1

## Årsrapport 2018 - konsesjonskraft og finansportefølje

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget tek årsrapporteringa for 2018 på konsesjonskrafta og finansporteføljen til orientering.

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

### **Vedlegg:**

1. SF revisjon IKS – Uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

I følgje finansreglementet og strategien for sal av konsesjonskraft skal fylkesrådmannen leggje fram rapportar om finansforvaltninga og konsesjonskraftforvaltninga til fylkestinget tre gonger i året. Rapporteringa skal skje etter kvart tertial og etter utgongen av året.

I tråd med gjeldande rutinar vert det no lagt fram årsrapportar for konsesjonskrafta og finansforvaltninga for rekneskapsåret 2018.

### **2. Finans- og gjeldsforvaltninga**

Årsrapporten på finansporteføljen tek føre seg både siste tertial og heile året.

Reglementet omhandlar tre ulike forvaltningstypar:


- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål
- Forvaltning av gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtalar
- Plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

Når det gjeld langsiktige finansielle aktiva har ikkje finansreglementet plasseringsrammer for dette. Fylkesrådmannen har såleis ingenting å rapportere på denne forvaltningstypen.

### **Hovudtrekk**

Pr. 31. desember 2018 har Sogn og Fjordane fylkeskommune ei gjeldsportefølje på om lag 2,4 mrd. kr og ledig likviditet om lag 2,5 mrd. kr. Det høge gjeldsnivået må sjåast i samanheng med fylkeskommunen sine ledige midlar. Fylkeskommunen tek ikkje stor risiko i plasseringa av sine midlar, og dei er tilgjengelege på kort tid. Med ledige midlar på omlag 2,5 mrd. kr vurderer fylkesrådmannen likviditeten til fylkeskommunen som svært god. Av gjeldsporteføljen er det berre 24 % som er eksponert for renterisiko. Renterisikoen må sjåast i samanheng med det fylkeskommunen har inneståande og ein renteoppgang vil få ein positiv innverknad på økonomien i fylkeskommunen på kort sikt, jf. risikovurderinga nedanfor. Vidare kjem 23,4 % av gjelda til forfall

innanfor dei neste 12 mnd., og medfører at fylkeskommunen er utsett for ein viss refinansieringsrisiko. Denne risikoen vert vurdert fortløpande og må sjåast opp mot likviditeten. Grafen under viser utviklinga i fylkeskommunen si gjeld og likviditet det siste året.



Gjelda har hatt ein auke i rapporteringsperioden og skuldast at årets låneopptak på 150,6 mill. kr er teke opp. Inntekter frå sluttoppgjeret med Havilafjord AS i høve salet av Fjord1 AS, 354,2 mill. kr, har kome i rapporteringsperioden og gjeve likviditeten ein auke.

For heile 2018 har både gjelda og likviditeten auka som følge av nye låneopptak. I tillegg har likviditeten auka som følgje av at sluttoppgjeret med Havilafjord AS kom tidlegare enn føreset.

#### Rentemarknaden:

I rapporteringsperioden har pengemarknadsrenta (3M Nibor) i snitt vore 1,17 %. Med ein refinansieringsandel på 23,4 % er det 551,8 mill. kr i kortsiktige lån som skal refinansierast dei neste 12 månadane. I tillegg skal låneopptak for 2019 gjennomførast.

Norges Bank sitt hovudstyre vedtok å sette opp styringsrenta med 0,25 % på møtet i september 2018. Pengepolitisk rapport 4/18 blei publisert 13. desember 2018, og hovudstyret si vurdering i rapporten er at kapasitetsutnyttinga i norsk økonomi er nær eit normalt nivå, og den underliggende prisveksten er nær inflasjonsmålet på 2 %. Vurderinga av utsiktene og risikobilete tilseier at styringsrenta mest sannsynleg vil bli satt opp i mars 2019. Hovudstyret i Norges Bank stadfesta i møtet i januar 2019 at renteutsiktene er lite endra etter pengepolitisk rapport 4/18.

Per 31.12.18 var nibor på 1,27 % og den har vore aukande gjennom året. Dette har ført til auke finansieringskostnadar. Forventing om høgare rente framover vil auke finansieringskostnaden ytterlegare. Pr. 31.12.18 vil likevel ein renteoppgang gi ein positiv innverknad på fylkeskommunen sin økonomi totalt sett, då den renteberande likviditeten utgjer ein større del enn den flytande gjelda. Dette vil likevel ikkje vere tilfelle på lengre sikt.

#### **Rapportering i høve finansreglementet sine avgrensingar**

Rammene i finansreglementet set avgrensingar for finans- og gjeldsforvaltninga. Tabellen nedanfor syner om det er avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i reglementet. Første og andre kolonne i tabellen syner ulike parameter og deira avgrensingar i finansreglementet. Kolonne 3 syner status på rapporteringstidspunktet der det er aktuelt, og i kolonne 4 vert det kommentert om det er avvik i høve reglementet.

Finans- og gjeldsforvaltninga	Finansreglementet sine avgrensingar	Status	Avvik
<b>Likviditetsforvaltninga</b>			
Største enkeltbinding på plassering	Maksimalt 100 mill. kr	-	Nei
<u>Rentefølsemd - fond</u>			
Plassering av kort likviditet	Maksimalt 1 år	-	Nei
Plassering av mellomlang likviditet	Maksimalt 2 år	-	Nei
<u>Del av forvaltningskapital</u>			
Innskot i bank/kredittinstitusjon	≤ 2%	-	Nei
Eigardel i eit rentefond	≤ 5 %	-	Nei
Risikovekt på papir i pengemarknadsfond	Under 20 % BIS-vekt	-	Nei
<b>Gjeldsforvaltninga</b>			
Durasjon - vekta rentebindingstid	Mellom 1 - 5 år	1,25	Nei
Refinansieringsdel innan 12 mnd	Maksimalt 35 %	23,4 %	Nei
Tal lån	Færrast mogeleg, men ikkje færre enn at refinansieringsrisikoen vert avgrensa	19	Nei
Største lån	Maks 25% av den samla låneporteføljen	9,7 %	Nei
Rentebindingsandel	Mellom 33,3 % - 66,6 % av netto renteberande gjeld	57 %	Nei

For ordforklaring og utfyllande informasjon om finansreglementet sine avgrensingar, sjå finansreglementet med tilhørande definisjonsark, jf. FT-sak 34/16.

Pr. 31.12.18 er det ingen avvik mellom den faktiske finans- og gjeldsforvaltninga og finansreglementet sine rammer.

#### Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål

Det vert vist til finansreglementet sitt punkt 6.4. Finansreglementet skil mellom kort og mellom-lang likviditet (midlar som ikkje er forventa nytta innan 2 år). Pr. 31.12.18 har fylkeskommunen 2534,3 mill. kr i ledige midlar, der 500 mill. kr er definert som mellomlang likviditet. Den ledige likviditeten er fordelt på bankinnskot, pengemarknadsfond og obligasjonsfond.

I tabellen nedanfor ser ein utviklinga i avkastninga på likviditeten samla dei siste rapporteringsperiodane, samanlikna med referanserenta (benchmark<sup>1</sup>):

Avkastning dei siste fire rapporteringsperiodane, i mill. kr	31.12.2017	30.04.2018	31.08.2018	31.12.2018
Avkastning i perioden	10,8	13,9	15,2	11,7
Avkastning benchmark i perioden	4,8	6,4	6,8	8,6

<sup>1</sup>Fylkesrådmannen har i si samanlikning med marknadsrenter for bankinnskot brukt gjennomsnittleg 3 mnd. Nibor som referanserente, samt nytta eit gjennomsnitt av samla kortsiktig likviditet i perioden som grunnlag for berekningane. For plasseringane i pengemarknadsfond og obligasjonsfond er det nytta 3 mnd. statsobligasjons-indeks (ST1X) som referanserente.

Fylkeskommunen har fått 11,7 mill. kr i samla avkastning i rapporteringsperioden. Dette gjev ei meiravkastning på 3,1 mill. kr i rapporteringsperioden, samanlikna med referanserenta. Reduksjonen i avkastninga, samanlikna med førre periode, skuldast i hovudsak at fylkeskommunen har ny bankavtale frå 1.11.18 med dårlegare rentevilkår enn førre bankavtale.

For 2018 har fylkeskommunen fått ei samla avkastning på 40,8 mill. kr. Dette gjev ei meiravkastning på 19 mill. kr i 2018, samanlikna med referanserenta. Sett i lys av det låge rentenivået og risikoen på plasseringane meiner fylkesrådmannen at fylkeskommunen har fått god avkastning og er godt nøgd med dette.

Tabellen under syner fordelinga av den ledige likviditeten pr. 31.12.18. Vidare samanliknar vi den faktiske avkastninga til fylkeskommunen i perioden mot referanserenta (benchmark). Avkastning i % syner kva avkastning dei ulike plasseringsalternativa har hatt i perioden og kor mykje dette ville utgjort per år (p.a.). Det vert også rapportert på avkastning for heile 2018.

Plassering	Innskot pr.31.12.2018		Avkastning i %			Avkastning i mill.kr			
	mill. kr	% - andel	I perioden	P.a	2018	SFJ FK	Benchmark	Diff.	2018
Bankinnskot	2322,8	91,7 %	0,59 %	1,78 %	1,88 %	11,6	8,2	3,4	38,2
Pengemarknadsfond	106,3	4,2 %	0,34 %	1,01 %	1,49 %	0,4	0,2	0,2	1,6
Obligasjonsfond	105,2	4,2 %	-0,32 %	-0,96 %	0,93 %	-0,3	0,2	-0,5	1,0
Samla	2534,3	100 %	0,54 %	1,62 %	1,82 %	11,7	8,6	3,1	40,8

Størstedelen av bankinnskotet er plassert i vår hovudbank, Sparebank 1 SMN. Grunnlaget for at ein så stor del er plassert i hovudbanken er vurderingar knytt til rentevilkår og risiko på plasseringane. Risikoen knytt til å ha så mykje midlar i ein bank er vurdert som liten og handterbar. Innskot i andre bankar er i hovudsak i Danske Bank der konsesjonskraftinntektene vert innbetalt<sup>ii</sup>. I tillegg har fylkeskommunen om lag 30,6 mill. kr innestående på eigen bunden skattetrekkkonto.

Tabellen syner at obligasjonsfonda har gitt ei negativ avkastning i perioden. Den dårlege utviklinga skuldast uro i dei norske og internasjonale finansmarknadane og ein auke i kredittpåslaga. For heile 2018 kjem fonda ut positivt, og avkastninga har teke seg opp igjen i januar 2019.

I løpet av 2018 har fylkeskommunen overført 1 mrd. kr frå driftskonto til plasseringskonto pluss i Sparebank 1 SMN for å få betre avkastning. Plasseringskonto pluss har 31 dagars bindingstid, og alle uttak og overføringar skal difor varslast minimum 31 dagar før uttaket skal skje. Fylkesrådmannen vurderer innskota som risikofrie då fylkeskommunen har god likviditet og ikkje treng pengane på så kort tid.

Fylkeskommunen har pr. 31.12.18 plassert 106,3 mill. kr av den ledige likviditeten i pengemarknadsfond og 105,2 mill. kr i obligasjonsfond. Fondsplasseringane er fordelt slik:

Kort likviditet, etter finansreglementet sitt pkt. 6.1:

- Pluss likviditet (51,8 mill. kr)
- Pluss Likviditet II (54,5 mill. kr)

Mellomlang likviditet, etter finansreglementet sitt pkt. 6.2:

- Alfred Berg Nordic Investment Grade Inst. (54,0 mill. kr)
- Pluss obligasjon (51,2mill. kr)

## Forvaltning av gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtalar


<sup>ii</sup> Konsesjonskraftinntektene vert innbetalt i euro (EUR), og ved sikring av konsesjonskraftinntektene vert det også føreteke valutasikring.

Det vert vist til finansreglementet sitt punkt 7.7. Pr. 31.12.18 har fylkeskommunen ei samla lånegjeld på 2353,7 mill. kr. Av dette er 758,2 mill. kr lån som er rentesikra med rentebytteavtalar<sup>iii</sup>, 1477,5 mill. kr er lån med Nibor tilknytt rente og 118,0 mill. kr er lån med pt. rente.

Låneporteføljen består av serielån i Kommunalbanken og KLP, og lån i kapitalmarknaden (sertifikat- og obligasjonslån). Andelen serielån (1276,9 mill. kr) utgjer 54 % av den totale gjelda, medan lån i kapitalmarknaden (sertifikat: 356,8 mill. kr og obligasjonar: 720 mill. kr) utgjer 46 %. Ein del av låna i kapitalmarknaden har relativt kort løpetid og må refinansierast ved forfall. Innan eitt år har lån på til saman 551,8 mill. kr forfall. Dette utgjer 23,4 % av den samla gjeldsporteføljen.

Av den samla lånegjelda får fylkeskommunen rentekompensasjon på ei investeringsramme på omlag 1 mrd. kr. Ved berekning av rentesikringsandel nyttar vi den delen av gjelda som er utsett for renterisiko (netto renteberande gjeld) – vi trekker difor ut lånegjeld tilsvarande investeringsramma som vert rentekompensert.

Diagramma under syner kor stor del av den samla gjelda som er utsett for renterisiko og sikringsandelen i høve finansreglementet pr. 31.12.18:



Av den samla lånegjelda vert 1027,6 mill. kr rentekompensert og 758,2 mill. kr er rentesikra. Såleis er det berre 567,9 mill. kr av den totale gjelda som vert rekna til flytande vilkår. Dette medfører at 24 % av den samla gjelda er eksponert for renterisiko.

Diagrammet til høgre syner sikringsandelen av netto renteberande gjeld. Pr. 31.12.18 er netto renteberande gjeld 1326,1 mill. kr, og vi har ein rentesikringsandel på 57 %. Rentesikringsandelen på 57 % viser at vi har ein høg sikringsgrad på den netto rente-eksponerte gjelda, utifrå at maksimumsnivået i finansreglementet er 66 %.

Fylkesrådmannen har hatt som målsetting å ha ein høg del av låneporteføljen på fastrentevilkår når det er forventing om stigande rentenivå. Rentebindingar både på kort og lang sikt vert såleis vurdert fortløpande.

Vekta attståande rentebindingstid på låneporteføljen er berekna til 1,25 år, og gjennomsnittleg løpetid for låneporteføljen er 6,97 år. Dette er innafor finansreglementet sine rammer.

Tabellen nedanfor viser ei samanlikning av eigne rentevilkår (snittrente) mot marknadsvilkår i rapporteringsperioden<sup>iv</sup>:

<sup>iii</sup> Rentebytteavtale er ein avtale mellom bank og kunde om bytte av framtidige renteutbetalingar. Som hovudregel vil den eine parten betale fast rente i heile perioden, medan den andre parten betalar flytande Nibor rente. I gjeldande rentebytteavtalar er det fylkeskommunen som betalar fast rente medan banken betalar flytande Nibor rente.

<sup>iv</sup> Eit gjennomsnitt av låneporteføljen i periodane er nytta som grunnlag for berekningane.

	31.12.2017		30.04.2018		31.08.2018		31.12.2018	
	mill. kr	%	mill. kr	%	mill. kr	%	mill. kr	%
Rentekostnad i perioden/ snittrente	15,4	2,0 %	15,0	2,0 %	15,7	2,0 %	16,2	2,1 %
Rentekostnad benchmark i perioden/ gj.sn NIBOR 3M	6,3	0,8 %	7,6	1,0 %	8,9	1,2 %	8,9	1,2 %

Tabellen syner at rentebelastninga i rapporteringsperioden utgjer 16,2 mill. kr. Samanlikna med referanserenta har vi ein meirkostnad på 7,3 mill. kr. Rentekostnadane i tabellen er berekna med bakgrunn i eit gjennomsnitt av låneporteføljen i perioden.

Snittrenta i perioden for heile porteføljen er 0,9 %-poeng høgare enn referanserenta. Om lag halvparten av denne meirkostnaden i høve referanserenta (flytande vilkår) er forsikringspremien fylkeskommunen betalar for å redusere risikoen i høve renteendringar på kort og mellomlang sikt. Den andre halvparten skuldast at bankane har ein margin på sine utlån utover referanserenta.

Fylkeskommunen har hatt ein rentekostnad på 46,9 mill. kr i løpet av året. Vidare har fylkeskommunen motteke rentekompensasjon for skulebygg og fylkesveg på høvesvis 1,2 mill. kr og 14,8 mill. kr i 2018. Dette er om lag som budsjettert.

Fylkesrådmannen er forplikta til å ta opp vedteke lån i løpet av året. På bakgrunn av vurderingar knytt til differansen mellom låne- og innskotsrenta vart budsjettert låneopptaket for 2018 teke opp i første tertial som eit sertifikatlån. Lånet er i løpet av året justert i samsvar med revidert budsjett 2018 og refinansiert til eit serielån. I tillegg er fire andre sertifikatlån og to obligasjonar rullert i løpet av året. Vidare har fylkesrådmannen inngått ein ny rentebyteavtale med hovudstol på 100 mill. kr i 2018, då ein tilsvarande rentebyteavtale har kome til forfall.

### Risikovurdering

I finansreglementet punkt 10.2 står det at det skal gjerast ei risikovurdering i høve renterisikoen ved ei generell endring i renta på 1 % -poeng.

Berekninga viser at med gjeldande portefølje per 31.12.18 vil fylkeskommunen få ein vinst på 14,4 mill. kr ved ein renteoppgang på 1 %. Den rentebærande likviditeten utgjer ein større del enn den flytande delen av gjeldsportefølja. I følgje berekninga vil ei endring i renta få ein positiv innverknad på økonomien i fylkeskommunen på kort sikt.

Når ein tek omsyn til storleiken på finansporteføljen vil fylkesrådmannen konkludere med at risikoeksponeringa per 31.12.18 er innafor eit akseptabelt nivå.

### Intern kontroll

Punkt 6 i vedtekne rutinar for finansforvaltninga omhandlar internkontroll. Fylkeskommunen sin eksterne revisor skal årleg foreta ein ekstern kontroll av fylkeskommunen sine rutinar for finansforvaltninga. SF revisjon IKS har utført denne kontrollen for 2018. Dei konkluderer med at fylkeskommunen sine rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga tilfredsstillar reglementet for finans- og gjeldsforvaltninga som er utarbeida på bakgrunn av Kommunelova § 52 og Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning. SF revisjon IKS sin uavhengige attestasjonsrapport er vedlagt saka, jf. vedlegg 1.

## 3. Konesjonskraftforvaltninga

---

Årsrapporteringa på konsesjonskraftforvaltninga tek føre seg heile 2018 og ser på utsiktene framover.

mill. NOK	2015	2016	2017	2018
Revidert budsjett	-58,3	-45,0	-46,5	-56,0
Innkjøpskostnadar	49,5	52,3	50,6	51,9
Forvaltning/omkostningar	1,1	0,8	0,8	0,7
Sikringssal	-84,8	-74,1	-64,0	-72,5
Spotsal	-17,8	-22,6	-34,7	-36,5
Agio tap/vinst	-6,2	1,9	-3,9*	0,1
Tap Nasdaq				1,1
Bruk/avsetjing fond agio		-1,9	0,6*	-0,1
Resultat	-58,2	-43,6	-50,6	-55,3
Avvik budsjett - rekneskap	-0,1	-1,4	4,1	-0,7

\* Tilbakeføring av feilføring agio 0,568 mill. kr 2016

	2015	2016	2017	2018
Volum omsett kraft (GWh)	394,3	386,8	376,0	379,0
Kostnadar innkjøp kraft inkl. innmating (øre/kwh)	12,6	13,5	13,5	13,7
Sikring i prosent av eiga omsetning	76,2	73,0	67,0	77,4
Oppnådd pris samla volum (øre/kwh)	26,0	25,0	26,2	28,7
Oppnådd pris sikringsvolum (øre/kwh)	28,2	26,6	25,4	24,7

## Volum

Totalt volum konsesjonskraft i 2018 var om lag 379 GWh. Frå 2017-18 var det berre ein mindre auke i fylkeskommunen sitt konsesjonskraftvolum (+2,8 GWh). Auken har sin årsak i endra uttak i kommunane, jf. kommunane sin primære rett, avgrensa av utvikling i alminneleg forbruk.

## Sikringsstrategi

Gjeldande sikringsstrategi vart vedteken i oktober 2017 (FT-sak 37/17). Etter sikringsstrategien skal 80% av volumet vera sikra ved inngangen til budsjettåret. Det er vidare presisert at vi ved inngangen til kvart kvartal skal vera ajour med normalstrategien – dvs. vi kan ikkje ha avvik frå normalstrategien gjennom eit kvartal som er i levering.

Jf. sikringsstrategien har fylkesrådmannen fullmakt til å avvike frå den vedtekte normalstrategien med inntil 75% dersom prisforventningane i Markedskraft sin modell avvik meir enn 3 euro frå marknadsprisen. Ein slik marknadssituasjon har ein vore i sidan hausten 2015. Denne fullmakta har fylkesrådmannen nytta gjennom året og pr. 31.12.2018 er status for prissikringa slik:

	2018	2019	2020	2021	2022
Sikra hittil GWh:	293	241	53	26	0
Sikringsgrad i % hittil:	77%	72%	16%	8%	0
Skal ha sikra GWh innan utløp av Q4-18:	303	269	179	90	0
Restvolum inneverande kvartal, GWh	10	28	126	64	0
Avvik frå prissikringsstrategi i %	3%	11%	71%	71%	0

## Valutasikring

Parallelt med prissikring av kraftsalet sikrar vi også valutakursen på EURO mot NOK. Det betyr at vi i 2018 har valutasikra om lag 77% av omsetninga. Dei resterande 23%, som vert selt i spot-marknaden, er såleis utsett for valutasvingingar. I tillegg har vi valutarisiko på det vi har ståande på våre tre EURO-kontoar.

## Agio

Valutakursen på NOK mot EURO var relativ stabil gjennom 2018. Kursen pr. 31.12.17 var 9,84, medan kursen pr. 31.12.18 var 9,79. Vi avstemmer våre EURO-konti mot NOK med kurs pr. 31.12. For 2018 har vi eit tap agio på 0,1 mill. kr som er utgiftsført i driftsrekneskapet. Dette tapet er dekkja inn ved bruk av tidlegare avsette midlar frå gevinst agio.

### Områdepris/systempris og meirverdi på forvaltning

I våre prognosar har vi lagt til grunn systempris. Vi sel vår konsesjonskraft i område NO3 og NO5. Områdeprisen har normalt vore noko lågare enn systempris, men dette kan svinge mykje år for år. I tillegg klarer vår forvaltar, Markedskraft, gjennom si forvaltning å ta ut ein meirverdi i høve systemprisen. I budsjettføresetnadane estimerte vi samla eit «tap» på om lag 0,5 mill. kr på desse to faktorane. Rekneskapen viser at vi netto fekk ein samla vinst på 0,5 mill. kr på desse to faktorane i 2018. Tilsvarende tal for 2017 var ein gevinst på 0,1 mill. kr.

mill. kr	område- /systempris		meirverdi		Totalt		
	NO3	NO5	NO3	NO5	NO3	NO5	SUM
2016	0,3	-6,4	0,1	2,1	0,5	-4,3	-3,8
2017	0	-1,8	0,1	1,7	0,2	-0,1	0,1
2018	0	-3,2	0,3	3,3	0,3	0,2	0,5

### Tap Nasdaq

I september 2018 vart ein større aktør sin handel på Nasdaq stoppa, og Nasdaq overtok og realiserte aktøren si portefølje. Dette medførte eit tap på 114 mill. EUR, om lag 1,1 mrd. kr. Dette tapet måtte dekkast opp av Nasdaq sjølv samt av alle medlemane på Nasdaq. Sogn og Fjordane fylkeskommune er medlem på Nasdaq og vi har blitt belasta med vår del av tapet – om lag 1,1 mill. kr. Nasdaq har, i samarbeid med aktøren, arbeida for at tapet skulle bli minst mogleg for medlemane, og det er gitt signal at om lag 90 % av tapet vil bli tilbakebetalt medlemane. For oss vil det i så fall bety at vi i 2019 får tilbakebetalt om lag 1 mill. kr av tapet på 1,1 mill. kr vi er belasta med i 2018.

### Resultat for 2018

Budsjetterte konsesjonskraftinntekter for 2018 er 56 mill. kr. Det endelege resultatet viser 55,3 mill. kr – eit negativt avvik på 0,7 mill. kr. Hovudårsaken til mindreinntekta er:

- Avviket mellom system- og områdeprisen vart betre enn budsjettert, om lag +1 mill. kr
- Tap Nasdaq er utgiftsført fullt ut i 2018, om lag -1,1 mill. kr
- Kostnad kjøp av konsesjonskrafta var 0,2 øre/kwh høgre enn budsjettert, om lag -0,8 mill. kr.

### Utsiktene framover

Gjeldande økonomiplan er basert på den konsesjonskraftmengde og det prisnivået ein såg føre seg pr. september 2018. Prisbilete medio februar 2019 er på om lag same nivå som for budsjett/økonomiplan 2019-2022:

mill. kr	2019	2020	2021	2022
Økonomiplan 2019-2022	70,0	60,0	60,0	62,0

Volumet for 2019 er noko redusert i høve 2018. Nedgangen i fylkeskommunen sitt konsesjonskraftvolum er i hovudsak grunna i auka uttak i Aurland kommune (30 Gwh) knytt til forventa etablering av eit datasenter. Aurland kommune har no gjeve melding om at det er usikkert om/ev. når tid bedrifta blir etablert. Dette grunna det uavklara spørsmålet om datasenter får fritak for elavgifta eller ikkje. Det vert opplyst at endeleg avklaring om etablering vert gjort seinast 1. september. Aurland kommune sitt uttak er basert på at bedrifta var etablert pr. 01. januar 2019. Sogn og Fjordane fylkeskommune og Aurland kommune har inngått avtale om finansiell avrekning når året er ute basert på den faktiske konsesjonskraftmengde som kommunen har rett på og kva som tilfelle Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vidare er det fortsatt slik at Markedskraft sin prognose ligg vesentleg over marknaden, 7–9 EUR, for åra 2020–2022. Det er difor grunn til å tru at det ligg ei oppside i prognosen 2019–2022 i høve økonomiplanen.

Fylkesrådmannen kjem attende med ei ny vurdering av konsesjonskraftinntektene i tertialrapport 1/2019.